



Soknerådet i denne perioden: Foran står leiar Møyfrid Kristoffersen i midten flankert av Gunnbjørg Stensletten Eik og Ingunn Olsen. Bak frå venstre Hans Reidar Kjærland, Ove Magne Myhre, Reidar Myklebust, Tormod Myklebust og sokneprest Kristian Due

**Etter gudstenesten i kyrkja 10. februar vert årsmedinga for soknerådet lagt fram under soknemøtet.**

**Den inneheld mange saker som er handsama og vi gjev ho att her:**

**ÅRSMELDING FOR USKEDAL SOKNERÅD 2012**

**Møter:**

- Arbeidsutvalet(soknepresten, leiar- og nestleiar for soknerådet) har hatt 3 møter i vårhalvåret og 2 møter i hausthalvåret.
- Soknerådet har hatt 3 møter i vårhalvåret og 2 møter i hausthalvåret.
- Der har vore 2soknemøter; årsmøtet og eit møte vedkomande ny liturgi.
- På møtet den 12.06.12, deltok også varamedlemene.
- På møtet den 06.11.12, vart leiar og nestleiar gjenvaalde for 2013.
- Fellesrådet hadde 4 møter i 2012. Soknerådet deltok på 3 av desse.

**Saker som soknerådet har handsama:**

- Årsmelding og rekneskap.
  - Gjennomgang av referat frå møter i Fellesrådet.
  - Fordeling av offergåver.
  - Oppnemning av kyrkjevertartil kvar gudsteneste.
  - Pengegåver til deltakarane på julekonserten.
  - Uskedal kyrkje vs Uskedalen kyrkje – sendt førespurnad/info til kyrkjeværjen.
  - Drøfting og fordeling av oppgåver i høve;
- Tårnagent-helg, Fasteaksjon, konfirmasjonsgudstenesta, gudsteneste på Skorpo, kyrkjekaffi.
- Jubileumsskriftet 2014.
  - "Brainstorm" (les; idèutveksling) vedkomande kva tilskipingar som skal vere i jubileumsåret 2014.
  - Varmeomnar under kyrkjebenkane. Vert slått av når gudsteneste/tilskiping startar (dette pga at barn har brunne seg på omnane).
  - Innspel / brev til Fellesrådet, vedkomande standarden på- og rundt kyrkjegarden.
  - Utleige av kyrkja til Indremisjonen; besøk av songevangelistar hausten 2012
  - Blomehelsing til organist Peter Couzens, som slutta hausten 2012.
  - Evaluering av kva tid stearinlys-lysekruna skal tennast.

- Oppdatering avbiletgalleriet i prestesakristiet, over tidlegare prestar.
- Godkjenning av halvårsplanenfor gudstenester, første halvår 2013.
- Trusopplæringsplanen for barn og unge, 0-18 år (skal ferdigstillast våren 2013. Berta Haugland, Rosendal,er leiar for dette arbeidet).
- Arkivering av dokument og protokoll i kyrkja – arbeidet førebels utsett.
- Liturgireforma (4 typar gudstenester i Uskedalen; høgmesse, konfirmasjon, familiegudsteneste og lysmesse).
- Orgelkonsert v/ny organist Eva Megyesi, i januar 2013.
- Innspel / brev tilFellesrådet, vedkomande forventningar til Fellesrådet om at kyrkja er i den stand den bør vere til 100-års jubileet i 2014, både utvendig og innvendig.

**Tilskippingar;**

- Vore med og skipa Tårnagent-helg (laurdag og søndag) for 8- og 9 åringar.
- Organiserte Fasteaksjonen saman med konfirmantane og vaksne dugnadspersonar.
- Delteke på konfirmantgudstenesta (lystenning og rose til kvar konfirmant).
- Gudsteneste med kyrkjekaffi på Skorpo (inkl. organisering av båtskyss).
- Julekonsert.

**Innkjøp:**

Lampe til liten talarstol  
Lampe til galleriet(til bruk for solistar ved opptreden)  
To bord, til bruk vedt.d. kyrkjekaffi  
To dukar til desse borda

**Skriftstyre;Uskedal Kyrkje 100 år i 2014**

Tormod Myklebust  
Bjørgulv Eik  
Kaare Skaala -bokskrivar  
Den til einkvar tidsitjande leiar av soknerådet

**Samansetjing av soknerådet i 2012 har vore:**

Møyfrid Kristoffersen– leiar og varautsending til Fellesrådet  
Ingunn Olsen – nestleiar, utsending til Fellesrådet  
Gunnbjørg Stensletten Eik – kasserar  
Reidar Myklebust –skrivar  
Tormod Myklebust –medlem  
Hans Reidar Kjærland- medlem  
Ole Kristian With Due- sokneprest  
Ove Myhre – 1.vara –møter fast

**Uskedal sokneråd,22.januar 2013**

Møyfrid Kristoffersen  
leiar